
Fra: Marte Solheim <martesolen@gmail.com>
Sendt: 25. oktober 2018 22:32
Til: Katarina Birkeland
Emne: Fwd: SV: Uttale om søknad frå Hordabø skulemusikklag

Videresendt melding:

Fra: Bente Kopperdal Hervik <bente.kopperdal.hervik@radoy.kommune.no>
Dato: 25. oktober 2018 kl. 14:00:09 CEST
Til: 'Marte Solheim' <martesolen@gmail.com>
Emne: SV: Uttale om søknad frå Hordabø skulemusikklag

Hei,

Takk for uttalen!

Bakgrunnen for at de får søknadene til uttale utan vår meining er at det står i retningslinene at søknadene skal sendast til råda så snart dei er mottatt. Om retningslinene vert endra slik at det vert to faste søknadsfristar i året slik som me har foreslått, er det naturleg at administrasjonen kjem med forslag til fordeling før søknadene vert sendt til uttale saman med vår forslag til fordeling. Dette vil gjera det lettare både for oss og dykk.

Veldig mykje av prosjekt- og aktivitetstilskotet går per i dag til korps. Me får diverre få søknader frå andre lag i kommunen.

Slik ser forslag til budsjett for kulturtilskot ut for 2019:

Tilskot til leiaropplæring	15 000
Driftsmidlar	400 000
Tilskot til idrettsanlegg	500 000 (idrett 45 %, musikk 35 %, andre 20 %)
Tilskot til mindre investeringar i kulturbygg og -anlegg	30 000
prosjekt- og aktivitetstilskot	60 000
Tilskot til Manger musikklag	75 000
Tilskot til inkludering og integrering	80000
Tilskot til 17. mai	0
Tilskot til Radøy skyttarlag (skytebane)	75 000
Tilskot til Hordabø IL (kunstgrasbane)	40 000

I år var det sett av 50000 kroner til 17. mai-komiteane. Den er foreslått fjerna i 2019. Elles er budsjettet for 2019 likt det for 2018.

Mvh

Bente

Fra: Marte Solheim [<mailto:martesolen@gmail.com>]

Sendt: tirsdag 23. oktober 2018 20:03

Til: Bente Kopperdal Hervik

Emne: Uttale om søknad frå Hordabø skulemusikklag

Hei Bente!

På møte idag gjekk ungdomsrådet gjennom søknaden frå Hordabø skulemusikklag om midlar til å dekke kostnadane dei hadde på showet "Norsk på Norsk". Dei søkte om 25 000kr. Ungdomsrådet syntes det var ein god søknad og me syntes det var bra at dei tok med inntekter dei sjølv fekk. Når me rekna saman kostnadane og inntekta deira kom me fram til at dersom dei fekk støtte på 25 000kr ville dei sitje med 1000kr til overs. Me synes derfor 25 000 var for mykje. Sidan kulturmidlane ligg på 40 000 (? litt usikker på om det stemmer) synest me 25 000 var for mykje å gje til eit arrangement, når det er over halve budsjettet. Det har også tidlegare i høst blitt delt ut midlar innan musikk, me syntes det var litt dumt at så mykje kulturmidlane skulle gå til korps.

Vi kjem derfor med forslag om å støtte dei med 7000,-. Dette vil dekkje kostnadene for lokale og diverse andre kostnader.

Til seinare har me eit ynskje om å få vedlagt dykkar meining om slike høyringar, før me diskuterar. Det kan verte vanskelig for oss å skulle setje ein fast pris på slike høyringar.

Berre til å ta kontakt om du har nokre spørsmål :D Ha ein fin kveld vidare!!

mvh Marte Vågenes Solheim
Leiar v/ Radøy Ungdomsråd